

# Kommentar til Gaute Losnegård: Bygdebok for Flora bd. 1

---

Historieseminar i Florø 2.11.2012

Av Atle Døssland

I den nasjonale forteljinga om kysten har Sogn og Fjordane ein tendens til å falle mellom fleire stolar. Så snart det er snakk om fiskeri, vert gjerne all fokus på Lofoten, Sunnmøre og til dels Karmøy-området, i alle fall når det gjeld førindustriell tid. Det er svært bra at vi no får vektige kyshistoriske bidrag, og Gaute har jo alt før skrive om Askvoll. I arbeidet mitt med Norges fiskeri- og kysthistorie er han alt garantert tilvisingar.

## Organisering av stoffet.

Inndeling i fem bolkar, alle med generelle innleiingar og med oppsummeringar, som samstundes er overgang til neste bolk. *Ved inngangen til ei ny tid*, i del 1. *Krise eller ikkje?* i del 2. *Eitt steg inn i nytida*, i del 3. *Dansketida mot slutten*, i del 4. *Kring 1860: eit tidsskilje*, i del 5.

Organiseringa av stoffet innanfor bolkaner er vekslende. Den første startar med geologien, sjølve grunnlaget. Den andre med styringsordningar i mellomalderen. Den tredje og fjerde med folketalsutviklinga. Den femte med det oppblomstrande sildefisket: Reis til Kinn og bli rik!, heiter det i første delkapitlet. Dreiar det seg om ulike historiesyn? Er samfunnsorganisasjon, folketalsutvikling eller næringsutvikling grunnleggande årsaksfaktor?

Periodeskilja synest å vere nokså tradisjonelle, og kan kanskje seiast å vere på rikshistoriske r meir enn lokale premisser. Titlane på dei tre første bolkaner er kjente periodiseringsbegrep: *Forhistorie. Mellomalder. Tidleg nytid*. Tittelen på del 4 er utradisjonell, men forvirrande, *Frå Svanegods til opplysningstid* (inkommensurable storleikar): Den siste tittelen er litt mysteriøs: *Den store grotida*. Det er jo det enormt oppblomstrande fisket som her er det sentrale. Tittelen tilseier likevel at tidsskiljet burde vore noko seinare på 1800-talet. Skiljet til bd. II er likevel klart lokalhistorisk grunngeven med bygrunninga.

## Forteljargrepet

Den litt rikshistorisk prega periodiseringa gjev også signal om noko som er G.L. sitt forteljegrep. Dei fleste kapitla innleier han med å informere lesaren om den generelle utviklinga på makronivå. Lesaren vert såleis på enkel og informativ måte gjort kjend med sentrale rikshistoriske trekk før han/ho skal dukke ned på lokalnivået. Eit dilemma for bygdebokforfattarar er i kor stor grad ein skal gå ut frå at lesaren er kjend med rikshistoria. På ein eller annan måte må ein putte inn nødvendige smådoser av dette i framstillinga. Måten G. L. løyser dette på er ryddig. Når ein stort sett startar kapitla med dette, og elles organiserer stoffet slik vi har høyrte, står ein likevel i fare for at lokalhistoria for lesaren vert ståande som døme på den generelle norske samfunnsutviklinga, at ein dreg Norges-historia ned på lokalnivået. Av og til synest eg G.L.'s framstilling får preg av dette. Det heile får då også eit litt beskrivande preg.

Men no er det er jo også lokalhistorikarens lodd å skrive totalhistoria om samfunnet. Han skal dekke heile breidda av tema, same om det er få eller mange uventa trekk ved temaet. Folk skal ha ei totalforteljing. Men er dette heilt naudsynt.

Eg vil meine at ein av dei viktigaste oppgåvene til lokalhistorikaren er å vere på

evig jakt etter dei felte der det er noko spesielt med lokalsamfunnet hans, og så legge ekstra vekt på å forklare dette. For all del - G.L. gjer ofte det, for han er svært godt orientert og har god kjeldekunnskap. Men nokre stader kunne han ha undersøkt og/eller poengtert særtrekka kraftigare. Særleg er det aktuelt å samanlikne med grannekommunar og granneregionar. (Dette er for så vidt ei standardinnvending i fagkritiske meldingar av lokalhistoriske bøker. G. L. er ikkje på langt nær den som forsømmer seg mest.)

Med flittig bruk av den fantastiske topografiske beskrivelsen til Hans Arnetz i 1700-talskapitlet, dukkar eit regionproblem opp. I kor stor grad fortel Arentz om Flora spesielt eller om Sunnfjord generelt? Eg trur mest det siste. G.L. utfyller med gode lokal døme, t.d. frå tingbøkene. Skilnaden i høve til andre delar av Sunnfjord kunne komme betre fram ved meir eksplisitte samanliknande glimt frå Gaular, Naustdal eller Askvoll.

Mange stader får han likevel godt fram det spesielle. Det er såleis heilt på sin plass at fiskeria, særleg sildefisket får så breitt rom, i høve til modernæringa, jordbruket, særleg i dei to siste bolkanene. I klar samanheng med dette kjem også, til sist, forteljinga om den svært spesielle bygrunninga av Florø, der nettopp sildefisket var

hovudargumentet. Her har han også inne relevante samanliknande element med andre bygrunningar i Norge.

Kapitlet om haugianarane er også svært spanande, her fungerer flettinga med det rikshistorisk grunnleggande svært bra.

Aller mest dreg han inn samanlikningar når det gjeld jordeigdomsforhold.

### **Eksempel på felt der eg ville hatt sterkare poengtering og drøfting:**

Folketalsutviklinga på 1700-talet. Korleis er denne i høve til omliggande område og til det ein skulle forvente. I Flora er det klart fødselsoverskot og vekst. Men normalt skulle det vore høg mortalitet ved kysten, og små fødselsoverskot, dessutan eit folkesig mot kysten. Er ei stor utflytting, gjennomstrøyming, årsaka? Tilflyttarar som skulle ha døydd i Flora flyttar i staden vidare. Heile Sunnfjord var prega av utflyttingsoverskot.

Det heilt dominerande innslaget av barn mellom tenestefolk, særleg i dei eldste tidene. Er dette spesielt? Og kvifor?

Flora lg i utkanten av grensa for å på forsvarleg vis å frakte ferske fiskevarer til Bergen. Arentz.fortel: Dei tok opp silda med nót, kunne fylle jekter som kom til, og få usalta vårsild frakta til Bergen på 10-12

dagar. Men dette var risikabelt om veret og vinden vart ulagleg. I 1753 kom ei omfattande forordning for å kvalitetssikre norsk eksportfisk. Ho forbaud m.a. frakt av fersk sild lengre enn 6 mil i vinterhalvåret, og 3 i sommarhalvåret. Flora låg likevel etter den tids avstandsrekning 20 mil unna. Kva rolle spela eigentleg dei lokale kremmarane i samband med tilverking av fisk. Dei deltok tydelegvis med kostbart reiskap i sjølve fisket. Salteria dukkar opp i kjeldene på 1800-talet, men kva med tida før? Var det mest lågkvalitetsvare, bondegods som vart tilverka tidlegare? Det heiter også at torsken anten vart tørka eller salta på tønner, men kven salta?

I omtalen av Bergens-gjelda, kunne G. L. med fordel ha gjort seg nytte av taloppgåver i Arnved Nedkvitnes bok, «*Mens Bønderne seilte og Jægterne for*», for å få fram det spesielle.

Kviforvar det ikkje hekseporsessar i Flora? Dette er også døme på ei mogleg spørsmålsstilling.

Skulen var i sørgeleg tilstand. Var det unikt? Men likevel var det bra lesekunnskap og bra med bøker i skifta. Var det noko i påstanden til foreldra, at dei var kapable til å lære opp borna sjølve? Arentz fortel at folk rekna det som skammeleg å ikkje kunne lese trykt skrift.

Dei likte særleg å lese lovbøker. Vidare la dei seg også etter å lese handskift (vere «brevsynte») og å skrive.

Oppslutninga om stortingsvala var lågt skriv G.L, endå det jamt vart valt stortingsmenn frå Flora. Men kven vart vald: mest kondisjonerte, og haugianarane Ole Torjussen og Christopher Svanøe på Stortinget. Desse opererte ikkje som del av bondeopposisjonen på Stortinget. Dessutan valde Flora-folket dei helst kondisjonert ordførar. Arentz seier om sunnfjordingane, rett nok på 1700-talet, at dei viser «en taabelig undergivenhed, ja endog velsigne dem, som forstaae bedst at trykke dem. Kort sagt, den søndfjordske Bonde fortjener ikke at kaldes enten grov eller opørisk». G.L. drøftar det dårlege oppmøtet og trur det m.a. kunne ha med kystnæringa og stor avstand til vallokala å gjere. Etter mine notat var det generelt bra oppmøte ved vala i Sunnfjord, unnateke nettopp Kinn. Lenger nord var likevel Selje om lag på same nivå, men altså ikkje det tilgrensande kystområde i sør: Askvoll. Saman med Indre og ytre Holmedal låg dei på oppmøtetoppen. Andre variablar enn kystnæring må altså også ha vore avgjerande.

Elles har G.L. relativt omfattande drøfting av kjelder og kjeldeproblem når det gjeld t.d. gjeld dei eldste manntala. Like

grunding drøfting får til dømes ikkje matrikkelforarbeidet 1723, endå det har vore ein diskusjon om kor vidt dei fortel om netto eller brutto kornavling. Men det er sjølvsagt grenser for kva ein skal ta lesaren med på av slike drøftingar.

Endå eg altså har visse innvendingar, som kanskje til ein viss grad ber preg av mine kjepphestar, er det all grunn både for forfattar og oppdragsgivar å vere stolte av boka. G.L. fortel godt og på ein forståeleg måte, og det er vanskeleg å ta han i direkte feil.